Årsmelding for Handarbeidslaget Sans og Samling 2025

Organisasjon

Onsdag 5. mars frå kl. 18.00 vart det halde Årsmøte på Café Herman. Planen var at Sogn bunadnettverk skulle delta med eit innlegg, men vegane var stengde, så dette var utsett. Arrangementet var gratis og ope for alle. Det var høve til å kjøpe drikke i baren, og vi serverte kaffi og te til alle som vi ha.

Alle medlemmar kan delta på Årsmøtet, og alle som har betalt kontingenten for inneverande år har stemmerett. Innkalling vart sendt ut til alle registrerte medlemmar i Handarbeidslaget Sans og Samling 04.02.2025. Informasjon vart også lagt ut på heimesida og på Facebook.

Styret såg slik ut etter årsmøtet:

- Sigrun Espe (leiar) vald i 2025 for eitt år
- Dorthea R Alisøy vald i 2024 for 2 år
- Grete Buene vald i 2024 for 2 år
- Torill Holen vald i 2025 for 2 år
- Ingrid Bøyum Berge vald i 2025 for 2 år
- Siri Merete Nedland vald i 2025 for 2 år
- Susan Husabø (vara) (vald i 2025 for eitt år)

Butikken Sans og Samling

Ein av hovudaktivitetane til handarbeidslaget er å drive heimeproduktbua Sans og Samling. Her kan både medlemmar og andre levere inn heimelaga produkt som dei ønskjer å selje. I 2025 har butikken vore open laurdagar frå 11-14.

Handarbeidslaget tek 10% av salsprisen på produkt som medlemmane sel og 30% på produkt frå andre. Denne provisjonen går til å dekke husleige og andre kostnader med butikkdrifta.

Total omsetjing var i 2025 kr 71 679. Sidan vi betalar ut til dei som produserer på etterskot, så er provisjonen vår basert delvis på sal om lag frå august 2024 til august 2025. Provisjonen for 2025 er på kr. 8 456.

I 2025 fekk vi til eit godt samarbeid med Leikanger fjordhotell om sal av varer via iZettle til turistar på hotellet. Vi fekk inn totalt kr. 7 339 for sal gjennomført i 2025. I tillegg fekk vi inn pengar frå hotellet for sal i 2024 på kr. 5 815.

I 2025 var det 8 personar som tok vakter i butikken, og nokre fleire som bidrog på spesielle arrangement som julemesse og fruktbare dagar. Talet på frivillige butikkvakter har gått ned kvart år dei siste åra. 4 frivillige har teke ansvar for 40 av dei 48 vekene vi har hatt ope.

Aktivitetar

Lefsekurs

Onsdag 2. april arrangerte vi lefsekurs med sjølvaste Kari Støfringsdal. Dette var eit populært kurs, og det vart for fullteikna, då vi berre hadde plass til 12 personar.

Deltakarane fekk vere med å lage deig, kjevle leivar, steike og lære korleis ein pakkar inn leivane for å halde dei mjuke. Deltakarane fekk også nyte eit godt måltid før dei smurde og bretta lefsene slik at dei var klare til å ta med heim.

Kurset var på skulekjøkkenet, Leikanger ungdomsskule og tok om lag 5 timar.

Familiesaum

Søndag 6. april inviterte vi til sydag for vaksne og barn på ungdomshuset. Det var veldig kjekt å kunne bruke heile den store salen med mange bord og mykje lys. 8 ungar og 7 vaksne kosa seg med ulike prosjekt og felles lunsj.

Sykveldar + Familiesaum

Sykveldar er ein av våre faste aktivitetar som vi har både vår- og hausthalvåret. Vi held på ein fast dag og ein fast tidspunkt: Tysdagar i partalsveker på barneskulen. Sykveldane er opne for alle, og dei siste åra har alle sjølve teke med kaffe og eventuelt kaffimat til pausen. Ruthild Dale har teke over hovudansvar for sykveldane.

På våren forsøkte vi oss også med noko vi kalla Familiesaum. Målgruppa var syglade vaksne og ungar, og vi inviterte folk til å kome to timar før vanlege sykveldar starta, og avslutta med kveldsmat. Dei ungane som var med kosa seg med både syprosjekt og leik.

Strikkekafé

Vi har samarbeida med Leikanger Frivilligsentral om å arrangere strikkekafé i lokala deira i Saften annakvar tysdag dei vekene vi ikkje har sykveld. Det har vore jamnt godt oppmøte gjennom heile 2025. Sigrid Svartefoss og Grethe Buene har hovudansvar for strikkekafeane.

Føredrag med Sogn bunadnettverk

I 2025 vart bunadbruk i Noreg innskrive på UNESCO si representative liste over verdas immaterielle kulturarv. Handarbeidslaget inviterte Sogn bunadnettverk til å kome til Leikanger for å dele, inspirere og engasjere.

Siri Benjaminsen frå Sogn bunadnettverk heldt føredrag i lokala til Frivilligsentralen tysdag 25. mars kl. 18.00. Ho snakka om arbeidet dei gjer i Sogn bunadnettverk, og om prosjekt og satsingar i 2025. Ho hadde også med seg strikkepakkar til både Sognevotten og Vigdalsvotten.

Benjaminsen skulle eigentleg kome til Leikanger i samband med årsmøtet vårt 5. mars, men måtte utsette dett på grunn av vær.

SommarMoro

Sommarmoro er eit gratis tilbod til alle born og unge. Frivilligsentralen søker midlar og koordinerer aktivitetane. Handarbeidslaget Sans og Samling forsøkt å arrangere to ulike aktivitetar for born og ungdom i sommarferien, men det eine gjekk ut grunna få påmeldte.

Det som gjekk ut var eit planlagt sykurs for ungdom mellom 13 og 16 år, over 4 dagar, med fokus på redesign og gjenbruk.

På aktiviteten retta mot dei litt yngre - born mellom 6 og 12 år - var det stor interesse. 11 ungar fekk utdelt lerret og måle- eller teiknesaker, og vart utfordra til å teikne fine skyggar frå tre, blad eller anna. Aktiviteten varte i om lag tre timar, og vart avslutta med eit felles lunsjmåltid. Dette vart arrangert 3. juli i området rundt Leikanger barneskule.

Fruktbare dagar

Laurdag 4. oktober deltok handarbeidslaget med salsbord på torgdagen. Denne var flytta til fylkeshuset grunna oppussingsarbeid på Saften. Grunna dårleg vær var det fleire utstillarar og seljarar som ikkje kunne kome, men handarbeidslaget hadde godt sal. Vi selde for kr. 9 165 på denne torgdagen.

Julemesse

29. november stilte vi med bod på julemesse i teltet på Villmarka. Det var godt oppmøte og veldig godt sal. Vi solgte varer for kr. 13 130 denne dagen, noko som var ny rekord for oss.

Kurs og aktivitetar som ikkje vart gjennomført

Vi forsøkte å arrangere kniplekurs for nybyrjarar 22. og 29. mars med Anne Margrete Stenstadvold, men det var få påmeldte, og vi vart einige om å forsøke igjen på eit seinare tidspunkt.

Laurdag 24. mai hadde vi tenkt å arrangere kurs i plantefarging av garn med Gitte Midtbø frå Gardsfargeriet. Grunna få påmeldte vart heller ikkje dette noko av.

Medlemsutvikling

Handarbeidslaget hadde ved utgangen av 2025 47 medlemmar. Dette var ein liten nedgang frå året før, men vi er nøgde med at så mange vel å vere medlem i laget vårt. Medlemskontingenten vi fekk inn i 2025 var på kr. 18 800.

Økonomi

Vi budsjetterte med eit underskot på nesten 5 700 kr for 2025 sidan vi framleis hadde igjen midlar frå tildelinga frå Sture Husabøs legat i 2022. Vi ender opp med eit underskot på litt i underkant av 4 500 kr.